



26.01.2024

# Kommunedelplan for akvakultur i sjø 2021- 2031

Føresegner



SAMNANGER KOMMUNE

## **Innholdsfortegnelse**

Verknader av kommunedelplan for akvakultur .....	2
Forholdet opp mot landdelen i kommuneplanen sin arealdel .....	2
Landbruks-, natur- og friluftsområde pbl. 11-7 nr.5 .....	3
29.    Fellesføresegner .....	3
30.    Landbruks-, natur og friluftsområde .....	3
Bruk og vern av sjø og vassdrag m/ tilhøyrande strandsone, pbl. § 11-7. nr. 6 .....	4
32.    Bruk og vern av sjø og vassdrag (V).....	4
33.    Ferdsle (VFE).....	4
34.    Småbåthamn (VS).....	4
35.    Naturområde og friluftsområde (NF og F) .....	5
36.    Fiskeområde (VFI/GY/LP/R).....	5
37.    Akvakultur (VA) .....	5
38.    Kombinert arealføremål (VKA): Akvakultur – Fiske/ferdsel.....	6
39.    Kombinert arealføremål VKA Fiske – farlei .....	7
Omsynssoner - pbl. § 11-12.....	7
40    Gjennomføringssoner.....	7
41    Detaljeringssoner .....	7
42    Faresone .....	7
43    Sone med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø .....	8
44    Bandleggingssone.....	8

## **Verknader av kommunedelplan for akvakultur**

Planen er utarbeida som ein kommunedelplan (KDP) for sjøområda og gjeld på sjøoverflata, i vassøyla og på sjøbotn. Planen er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 11-1. Føresegnerne er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk, jamfør pbl. § 11-6. Den formelle delen av planen er

- Plankart i målestokk 1:50 000 (A1), datert 26.01.2024
- Føresegner og retningsliner, datert 26.01.2024

Føresegnerne inneholder særskilte føreseigner knytt til det enkelte arealbruksføremålet. Føresegnerne er rettsleg bindande og dei er sett i ramme. Retningslinene til kvart føremål følgjer fortløpende etter føresegnene. Retningslinene gjev ikkje direkte heimel for vedtak, men er viktige ved at dei presiserer kommunestyret sin politikk og målsetting for utviklinga i planperioden. Retningslinene skal nyttast som vurderingsgrunnlag og leggjast til grunn for arealplanlegging og sakshandsaming i kommunen.

Arealdelen av kommunedelplanen gjeld ved eventuell motstrid framfor eldre og tidlegare vedtekne planar for same areal, med mindre anna går særskilt fram av føresegnene til den nyaste planen, jamfør pbl. § 1-5, 2. ledd.

Det er utarbeidd planomtale med tilhøyrande konsekvensutgreiing og ROS-analyse for arealdelen. Planomtalen utdypar kommunen sine ønske for utviklinga i planperioden, og skal leggjast til grunn som viktige føringar i arealforvaltinga. Planomtalen er retningsgjevande, og kan ikkje nyttast som heimelsgrunnlag for vedtak etter planen.

## **Forholdet opp mot landdelen i kommuneplanen sin arealdel**

Plankart og føreseigner i denne kommunedelplanen (KDP) gjeld framfor kommuneplanen (KPA) sin arealdel vedteke 14.06.2018. Unntak er kommuneplanen sine generelle føreseigner og retningslinjer som skal gjelde for denne planen (KDP akvakultur). Desse føringane er ikkje lista oppatt i dette dokumentet. Det vert vist til *Generelle føreseigner* pkt. 1 til 14 i gjeldande kommuneplan vedteke 14.06.2018.

Etter vedtak på KDP akvakultur skal KPA og KDP akvakultur sameinast til eitt plankart og eitt sett med føreseigner og retningslinjer. Dette er eit plan teknisk arbeid som vil vera gjennomført administrativt. Det er difor gjort nokre val for utforming av plankart og føreseigner:

- Plangrensa er sett i føremåls grensa mellom sjø- og landføremål i gjeldande kommuneplan
- Gjeldande reguleringsplanar som går ut i sjø er vist i plankartet med sone for vidareføring av reguleringsplan (H910)
- I plankartet er omsynssoner som ligg på sjø og inn på landarealet vist for å tydeleggjere samanhengen og totaliteten av omsynssona sin verknad/verdi. For desse areala er avgrensinga, føreseigner og retningslinje vidareført frå kommuneplanen sin arealdel frå 2018.
- Føresegnerne har lik nummerering som kommuneplanen sin arealdel vedteke i 2015 for å forenkle samling av føreseigner og retningslinje etter vedtak.

## **Landbruks-, natur- og friluftsområde pbl. 11-7 nr.5**

### **29. Fellesføresegner**

- 29.1. Ved plassering av nye tiltak skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Heimel: pbl. § 11-9 nr. 6
- 29.2. Det skal ikke gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne eller forstyrrar heilskapen i verdifulle kulturlandskap. Heimel: pbl. § 11-9 nr. 7
- 29.3. Egedomar i LNF-område bygd med bustadhus med følgjande bygningstype registrert i matrikkelen er å rekne som LNF- område kor spreidd bustadbygging er tillete.  
111 - Einebustad  
112 - Einebustad m/hobel sokkelleil.  
121 – Tomannsbustad. Vertikaldelt.  
121 – Tomannsbustad. Horisontaldelt.

I disse områda kan følgjande tiltak tillatast inntil maks. 25 meter fra huset:

- a) Tiltak etter pbl. §20-3, jf. 20-1, 1. ledd, bokstav a-l.
  - b) Tiltak som kjem inn under pbl. §§ 20-4, 20-5 og 20-6.
  - c) Etablering av vass og avlaupsanlegg.
- Heimel: pbl. § 11-7 nr 5 b og § 11-11 nr. 2
- 29.4. Nye tiltak skal koplast til eksisterande avkjørsle mot offentleg veg. Dersom eksisterande avkjørsle ikke er tilfredstillende etter gjeldande vegenormal, skal avkjørsla utbetraast før det kan gjevast løyve til nye bustadeiningar. *Heimel: pbl. § 11-9 nr. 3.*
  - 29.5. Det skal ikke utførast tiltak på dyrka eller dyrkbar mark. Dette gjeld også for tilkomstveg. Heimel: pbl. §§ 11-9 nr. 6 og nr. 7.

### **30. Landbruks-, natur og friluftsområde**

- 30.1. Føremålet gjeld landbruks-, natur og friluftsområde med naudsynte tiltak for landbruk og gardsbasert næringsveksemd. *Heimel: pbl. § 11-7 nr. 5, bokstav a.*
- 30.2. Funksjonell strandsone er byggjegrense mot sjø. Heimel: pbl. §11-9 nr. 5.
- 30.3. Tiltak for landbruket skal plasserast slik at dei passar best mogleg inn i kulturlandskapet. Ved plassering skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre allmenne interesser. Heimel: pbl. § 11-9 nr. 5.
- 30.4. Løyve til oppføring av ny bustad knytt til landbruket skal berre tillatast når det vert dokumentert at dette er naudsynt av omsyn til landbruksdrift eller gardsbasert og stadbunden næring på eide domen, og det frå før ikke er meir enn ei bustadeining på eide domen. Bustaden skal plasserast i tilknyting til gardstunet.

Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjoner innanfor planområdet er tillate, jf. Pbl. § 1-8, 4. ledd og § 11-11 nr. 4.

- 30.5. Minste uteoppholdsareal (MUA) er 200 m<sup>2</sup> per bustadeining. *Heimel: pbl. § 11-9 nr 5.*

## **Bruk og vern av sjø og vassdrag m/ tilhøyrande strandsone, pbl. § 11-7. nr. 6**

### **32. Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)**

- 32.1. Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdslle, farlei og fiske, jf. PBL § 11-7 nr 6. Føremålet omfattar òg skjelsanduttak, samt oppføring og vedlikehald av navigasjonsinnretningar.
- 32.2. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdslle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett.

### **33. Ferdslle (VFE)**

- 33.1. Føremålet gjeld areal til ferdslle, og manøvreringsareal.

### **34. Småbåthamn (VS)**

- 34.1. Føremålet gjeld småbåthamn med naudsynt parkering, tekniske anlegg og servicebygg. Heimel: PBL § 11-7 nr. 6.

#### **Framtidig småbåthamn**

Plankart id	Stad	Spesifisering
VS01	Rolvsvåg	Småbåthamn m/tilhøyrande landareal.
VS05	Bjørkheim	Utvinding av eksisterande småbåthamn.
VS03	Steinsland	Utvinding av eksisterande småbåthamn. Gjeldande plan takast opp til revisjon i samband med regulering av nytt område.
VS04	Ytre-Tysse	Utvinding av eksisterande småbåthamn. Blir handsama som reguleringssendring.
VS02	Liøyna	Småbåthamna skal sikra tilkomst til framtidige hytter i som ikkje har vegtilkomst. Krav om felles planlegging H810_11

- 34.2. VS01 - Veg til småbåthamna skal løysast gjennom reguleringsarbeidet. Heimel: PBL §11-9 nr.8. VS01 - I reguleringsplan skal det setjast av tilstrekkeleg areal til parkering, klubbhus, vaktbu, båtopptrekk og område for utføring av lettare båstell. Heimel: PBL §11-9 nr.5.

### **35. *Naturområde og friluftsområde (NF og F)***

- 35.1. Føremålet er naturområde og friluftsområde, inkludert badeplass med naudsynt parkering, tekniske anlegg og servicebygg. Heimel: PBL §11-7 nr. 6.
- 35.2. Inngrep som vil øydelegge området sine kvalitetar som naturområde og friluftsområde er ikkje tillate. Heimel: PBL §11-9 nr.6.

### **36. *Fiskeområde (VFI/GY/LP/R)***

- 36.1. Føremålet er fiskeområde jf. PBL § 11-7 nr. 6.
- 36.2. Områda som er merka VFI/GY er gyteområde. Tiltak som vil hindra gytessess, på eller i nærleiken av områda skal ikkje tillatast. Søknader om tiltak/inngrep på eller i nærleiken av områda, skal leggjast fram for Fiskeridirektoratet før uttale, før vedtak vert fatta. Heimel: PBL §11-7 nr. 6.

#### **RETNINGSLINE**

I VFI- område skal fiskeinteressene vera prioritert framfor andre interesser.

Kaste og låssetjingsplass er merka VFI/LP. Eventuelle tiltak og inngrep skal leggjast fram for Fiskeridirektoratet før uttale, før vedtak vert fatta. Utslepp i eller i nærleiken av stadene som kan verka negativt inn på låssett fisk sin konsumkvalitet skal ikkje tillatast.

Rekefiskeområde er merka VFI/R, dei er nytta til rekefiske og er gyteområde for fjordreka.

### **37. *Akvakultur (VA)***

- 37.1. Føremålet er akvakultur og inkluderer også vassøyle og sjøbotn. Heimel: PBL § 11-7 nr. 6.
- 37.2. Innanfor føremålet kan det leggjast ut akvakulturanlegg. Heile anlegget inkludert fortøyingsramme med merdar, fôrflåtar og andre tiltak/anlegg skal ligge innanfor føremålet. Det er tillate med fortøyingar innanfor området. Fortøyingane skal ligge djupare enn 20 meter når dei går inn i kvit sektor. Det er tillate å etablere landstraum ut til areala og tiltak for å sikre tilkomst frå anlegget til landsida.
- 37.3. For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge minimum 100 meter frå kystlinja, unntak må grunngjevast. Fortøyingar kan plasserast nærmere land, men skal ikkje hindre ferdsel.
- 37.4. Produksjon knytt til akvakultur skal minst vera i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande utsleppsløyve etter forureiningslova. Dette omfattar mellom anna utslepp til vatn, miljøovervaking, utslepp til luft, avfall og lagring av medisin og kjemikalie.
- 37.5. Tiltak som kan hindre eller forstyrre akvakulturverksemd skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda

- 37.6. Søknader om tiltak og inngrep i eller i nærleiken av oppdrettsområda skal leggjast fram for fiskeristyresmaktene før det eventuelt vert gjeve løyve. Heimel: PBL §11-11 nr. 3

#### Eksisterande føremål (anlegg)

Plankart id	Stad	Spesifisering formål
VA3	Nygård/Steinastykket	Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø og på land
A	Sagen	Settefiskanlegg på land
VA2	Sagen	Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø

#### Framtidige føremål

Plankart id	Stad	Spesifisering formål
A01	Sagen	Settefiskanlegg på land (utviding av eksisterande område)
VA1	Sagen	Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø
VA4	Nygård/Steinastykket	Utviding av eksisterande område Nygård/ Steinastykket i sjø - for å kunne flytte eksisterande anlegg m/ fortøyinger. Formålet er å optimalisere driftsforhold og taka omsyn til miljø.

- 37.7 Det er krav om reguleringsplan for alle akvakulturområde, både nye område og for utviding eller endring/endra plassering innan eksisterande område.
- 37.8 Det kan berre gjevast løyve til tiltak som kan skje utan forverring av miljøtilstand i resipienten/vassførekosten og for vill anadrom fisk, jf. pbl. §§11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for vill-laks). Tiltak må heller ikke vere til hinder for å nå miljømåla.

#### 38. Kombinert arealføremål (VKA): Akvakultur – Fiske/ferdsel

- 38.1. Føremålet er kombinasjon av akvakultur og fiske/ferdsel. Akvakultur skal prioriterast framfor andre interesser dersom søknad om produksjonsløyve viser akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøforhold. Fram til at området vert teke i bruk til akvakultur skal arealet prioriterast til fiske/ferdsel.
- 38.2. Innanfor føremålet kan det leggjast ut akvakulturanlegg. Heile anlegget inkludert fortøyingsramme med merdar, fôrflåtar og andre tiltak/anlegg skal ligge innanfor føremålet. Det er tillate med fortøyinger innanfor området. Fortøyingane skal ligge djupare enn 20 meter når dei går inn i kvit sektor. Det er tillate å etablere landstraum ut til areala og tiltak for å sikre tilkomst frå anlegget til landsida.
- 38.3. For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge minimum 100 meter frå kystlinja,

- unntak må grunngjenvæst. Fortøyinger kan plasserast nærmere land, men skal ikkje hindre ferdsel.
- 38.4. Produksjon knytt til akvakultur skal minst vera i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande utsleppsløye etter forureiningslova. Dette omfattar mellom anna utslepp til vatn, miljøovervaking, utslepp til luft, avfall og lagring av medisin og kjemikalie.
- 38.5. Dei nye akvakulturområda Erevika (VKA1) og Solbjørg (VKA2) kan berre bli nytta til artar som ikkje har trøng for- eller krev å bli fora, t.d. tang og tare.
- 38.6. Det er krav om reguleringsplan for alle akvakulturområde, både nye område og for utviding eller endring/endra plassering innan eksisterande område.
- 38.7. Det kan berre gjevast løyve til tiltak som kan skje utan forverring av miljøtilstand i resipienten/vassførekomensten og for vill anadrom fisk, jf. pbl. §§11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for vill-laks). Tiltak må heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.

## **39. *Kombinert arealføremål VKA Fiske – farlei***

- 39.1 Føremålet er ein kombinasjon av fiske og farlei.

## **Omsynssoner - pbl. § 11-12**

### **40 *Gjennomføringssoner***

- 40.1 For områda med gjennomføringssone H810\_01–H810\_36 er det krav om samla reguleringsplan. Mindre reguleringsområde kan vurderast, men rekkjefølgjekrav skal fullt ut oppfyllast. Viser til føringar kommuneplan vedteke 14.06.2018 for føresegner for desse sonene.

### **41 *Detaljeringssoner***

- 41.1 For områda med detaljeringszone H910\_01-H910\_11 skal gjeldande reguleringsplanar fortsatt gjelde. Viser til føringar kommuneplan vedteke 14.06.2018 for føresegner for desse sonene.

### **42 *Faresone***

- 42.1 Faresone høgspenningsanlegg H370 markerar faresone langs høgspentleidningar. Innanfor sona må tiltak etablerast med avstandar til kraftline/trafo slik at ein overheld krav etter regelverk under el-tilsynslova. Heimel: pbl. § 11-8, bokstav a.
- 42.2 Faresone skred H310 markerar område som kan vere utsett for snøskred, steinsprang eller jordskred. Ved utarbeiding av reguleringsplan og ved søknad om tiltak etter PBL §§ 20 -1 bokstav a, b, d, g, j, k, l og m og 20-2 bokstav b og c, skal det gjerast ei fagkyndig vurdering av risiko for ras. Vurderinga skal omfatte

både potensielt utløysingsområde og utlaupsområde. Dersom det vert avdekka risiko, må tilstrekkeleg tryggleik mot ras dokumenterast før det kan gjevast løyve til tiltak.

Ved søknad om akvakultur skal det ligge føre ei fagleg vurdering av skredfare for områda som ligg innanfor denne sona. Heimel: pbl. § 11-8, bokstav a

- 42.3 Sikringssone H190\_1-3, anna sikringssone, markerer område der det, uavhengig av arealføremål, er tillate å etablere fortøyning og ankringsområde for akvakultur-anlegg. Det skal søkast til konsesjonsmynde om etablering og endring av fortøyning og ankerfeste. Fortøyingslinjer må ligge djupare enn 20 meter om dei går inn i kvit sektor.

Fortøyinger kan plasserast nære land, men skal ikkje hindre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegget. Etablering av fortøyingsline og ankerfeste skal ikkje vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar, friluftsområde/badeplassar, småbåt-hamner eller fiskeplassar med aktive reiskap. Tiltaka skal ikkje vera i konflikt med automatisk freda kulturminne, ankringsområde, korallrev/korallar, eller naturreservat.

Søknadar om nye/endra fortøyingslinjer og ankerfeste skal belyse verknadar for ferdsel, fiskeplassar, gytefelt/gyteområde, oppvekstområde/ beiteområde, biologisk mangfald og kulturminne m.fl..

### **43 Sone med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø**

- 43.1 I omsynssone H570 \_1 Notaholmen, H570\_2 Treskoverkstaden, H570\_3, Frøland kraftverk og H570\_4 Grønsdal kraftverk skal det takast omsyn til desse kulturminna. Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.

### **44 Bandleggingssone**

- 44.1 Bandleggingssone H740 bandlegg areal etter energilova. Heimel: pbl. § 11-8, bokstav d
- 44.2 I omsynssone H730 er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, tildekke eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillatt, jf. kulturminnelova § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8. Heimel: pbl. 11-8, bokstav d
- 44.3 I omsynssone H730\_01 Samnanger mellomalderkyrkjestad gjeld følgjande: Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som

har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikke har vore i bruk etter 1945 skal ikke brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikke tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Heimel: pbl. 11-8, bokstav d